



På kommunen sine heimesider er det lagt ut ein kreativ utlysingstekst, skriven av rektor Bjørn Olav Tveit. Tveit er nyleg tilsett som rektor for den nye skuleeininga Rosendal skule med tre avdelingar, -Mauranger skule, Malmanger skule og Rosendal ungdomsskule. HOPP I DET er overskrifta og for å friska opp utlysinga vert det ikkje uventa brukt bilete av ein akrobat på ski.

Bjørn Olav Tveit stadfestar at det er han som hadde framlegget til teksten. Akrobaten på ski kunne gjerne vore han sjølv, men det er det ikkje. Det er faktisk ein elev som gjer dette stuntet. Det er friskt gjort, seier Tveit.

Det er til vanleg faste malar for korleis ei utlysing av dette slaget skal vera. Vi merkar oss likevel formuleringa om at ein søker etter **kloke** og ambisiøse leiarar. Omgrepet klok har tre tydingar:

1. Ein som kan skjønna noko, er forstandig, fornuftig og tenksam
2. Ein som er vittig, normal i tydinga *ikkje vera rettleg klok*
3. Ein som er lærd og røynd

Det vert spanande å sjå kven som er ambisiøs og vågar seg til som søkerarar på stillingane som avdelingsleiarar på dei tre skulane.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå utlysinga på Kvinnherad kommune si heimeside